# Vegen fører til Vonheim sundag

11.11.2011



Frå ein tidlegare Vonheimbasar

**Sundag klokka 16 startar den årlege husbasaren på Vonheim og husstyret ventar stor oppslutnad. Inntekta frå basaren har lege på 11 000-12 000 dei siste åra og husstyret skriv slik:**

'Vi vil minna om den årlege husbasaren i Vonheim.
Sundag 13.november kl 16.00 står huset igjen klartil
å ta imot alle som vil vera med på basaren.
Småborda er pynta ogkaffi og noko godt å bita i skal vi og ha.
Ta ettermiddagen ilag med oss i Vonheim.
Alle er hjarteleg velkomne!

Helsing styret i Vonheim'